



Bremanger kommune

JournalpostID: 23/10688
Sakshandsamar: Hilde Jenssen
Midtbø
Dato: 18.09.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
037/23	Kommunestyret	05.10.2023

Val av ordfører i Bremanger kommune for perioden 2023-2027

Vedlegg:

Val av ordfører

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak.

Bakgrunn for saka:

Det skal veljast ordfører i Bremanger for perioden 2023-2027

Kommunestyret 05.10.2023:

Handsaming:

Framlegg frå Arbeidarpartiet, Venstre og Sosialistisk Venstreparti, foreslått av Svein Olav Senneset, Venstre

Anne Kristin Førde (Ap) vert vald til ordfører.

framlegg fra Høgre, foreslått av Per Røys, Høgre

Ordfører kandidat Jorunn Frøyen Høgre

Val av ordfører er fleirtalsval.

Industripartiet ved Kjell Sørland la fram eit framlegg til vedtak:

Forslag til ordfører 2023-2027 Kjell Sørland.

Det var lagt fram tre framlegg til vedtak og røysta over desse.

Framlegg frå Høgre:

8 røysta for framlegget frå Høgre: Høgre ved Jorunn Frøyen, Per Røys og Steffen Peter Lofnes, Sp ved Magne Kjerpeset, Øyvind Heimtun, Vibeke Kjerpeset og Tor-Inge Øvrebotten Myrhol.

12 røyste mot framlegget frå Høgre: Ap ved Anne Kristin Førde, Nils Jørgen Sagebø, Herborg Eikeland, Frank Midtbø, Camilla Landro og Bjarte Myklebust. Venstre ved Svein Olav Senneset, Svein Arne Torvanger, Geir Magne Røys, Jeanette Kristiansen Grotle og Hilde Marie Klungreset. SV ved Norvall Klungresæter.

3 røysta blankt: INP ved Kjell Sørland, Kristin Andrea Svanøe Hjelle og Kjell Frøyen.

Framlegg frå Arbeidarpartiet, Venstre og Sosialistisk Venstreparti.

12 røysta for framlegget frå Ap\V\SV: Ap ved Anne Kristin Førde, Nils Jørgen Sagebø, Herborg Eikeland, Frank Midtbø, Camilla Landro og Bjarte Myklebust. Venstre ved Svein Olav Senneset, Svein Arne Torvanger, Geir Magne Røys, Jeanette Kristiansen Grotle og Hilde Marie Klungreset. SV ved Norvall Klungresæter.

11 røysta imot framlegget frå Ap\V\SV: Høgre ved Jorunn Frøyen, Per Røys og Steffen Peter Lofnes, Sp ved Magne Kjerpeset, Øyvind Heimtun, Vibeke Kjerpeset og Tor-Inge Øvrebotten Myrhol. INP ved Kjell Sørland, Kristin Andrea Svanøe Hjelle og Kjell Frøyen.

Framlegg frå Industri- og næringspartiet:

3 røysta for framlegget frå INP : INP ved Kjell Sørland, Kristin Andrea Svanøe Hjelle og Kjell Frøyen.

20 røysta imot framlegget frå INP : Høgre ved Jorunn Frøyen, Per Røys og Steffen Peter Lofnes, Sp ved Magne Kjerpeset, Øyvind Heimtun, Vibeke Kjerpeset og Tor-Inge Øvrebotten Myrhol. Ap ved Anne Kristin Førde, Nils Jørgen Sagebø, Herborg Eikeland, Frank Midtbø, Camilla Landro og Bjarte Myklebust. Venstre ved Svein Olav Senneset, Svein Arne Torvanger, Geir Magne Røys, Jeanette Kristiansen Grotle og Hilde Marie Klungreset. SV ved Norvall Klungresæter.

Anne Kristin Førde, Arbeidarpartiet vert ordførar for Bremanger kommune i perioden 2023-2027.

KST- 037/23 Vedtak:

Anne Kristin Førde (Ap) vert vald til ordførar for perioden 2023-2027

Aktuelle lover, forskrifter avtale mm:

Kommunelova

Saksopplysningar:

Aktuelle lover, forskrifter avtale mm:

Kommunelova

Saksopplysningar:

Ordførar er møteleiar i kommunestyret og formannskapet.

Ordførar er rettsleg representant for kommunen og skriv under på kommunen sine vegne dersom ikkje myndigheita er tildelt andre.

Ordførar har og møte-tale og forslags rett i alle kommunale folkevalde organ unnateke kommuneråd og organ under dei.

I kontrollutvalet har likevel berre ordførar møte- og talerett. Ordførar har berre røysterett i organ der ho/han er valt medlem.

Kommunestyret kan gje ordførar myndigheit til å :

- a. Treffe vedtak i saker som ikkje har prinsipiell betydning
- b. Treffe vedtak i hastesaker etter §11-8 fyrste ledd
- c. Opprette utval som skal førebu saker som ikkje har prinsipiell betydning

Formannskapet kan sjølv gje ordførar myndigheit til å treffe vedtak i saker som ikkje har prinsipiell betydning, om ikkje kommunestyret sjølve har bestemt noko anna.

Ordførar skal rapportere til kommunestyret om korleis den delegerte myndigheita er nytta.

Kommunestyret vel ordførar blant formannskapet sine medlemmer og skal veljast for heile perioden.

Den som skal veljast må ha samtykka til å stille til val.

Dersom ordførar trer midlertidig ut av vervet, rykkjer varaordførar opp som ordførar.

Trer ordførar endeleg ut av vervet skal det veljast ny ordførar.

Val av ordførar skal gå føre seg ved fleirtalsval.

Det er mogeleg å røyste blankt.